



**Ullensvang
kommune**

Forskrift om skulereglar for grunnskulane, Ullensvang kommune, Vestland fylke

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Ullensvang kommune xx.xx.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

§ 1. Føremål

Grunnskulen i Ullensvang kommune skal vera prega av eit konstruktivt samarbeid mellom elevar, føresette og tilsette på skulen. Læring, tryggleik, trivsel, respekt og toleranse er sentrale føremål med opplæringa. Elevane skal læra å sjå seg sjølve som medansvarlege for eit godt fellesskap som er prega av trivsel, inkludering og respekt.

Skulereglane skal gi reglar for korleis elevane skal ha det, kva elevane kan og ikkje kan gjera på skulen, og kva som skjer dersom reglane vert brotne. På denne måten skal skulereglane medverka til trygge rammer i læringsmiljøet. Alle må ta ansvar for at skulen er ein trygg og triveleg stad å vera.

Det skal vera eit felles verktøy for skulane i Ullensvang, for å ha ei mest mogleg lik sakshandsaming og medvit rundt kva som er synet til skulen på ønska og akseptabel åtferd. Skulereglane skal og gjera oppfølging av uønska åtferd enklare og fremja like tiltak og reaksjonsformer.

§ 2. Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle dei offentlege grunnskulane i Ullensvang kommune, innanfor desse områda:

1. skuletida
2. skulefritidsordning
3. leksehjelp
4. skuleveg og skulebuss
5. alle arrangement i skulen sin regi

Skulen har plikt til å gjera tilsette, elevar og føresette kjende med skulereglane.



§ 3. Organisering av skuledemokratiet

For å organisera skuledemokratiet ved skulen (jf. opplæringslova § 10-5), skal kvar skule ha desse utvala på plass og aktivt fungerande:

- A. elevråd
- B. foreldrearbeidsutval (FAU)
- C. skulemiljøutval (SMU)
- D. samarbeidsutval (SU)

Elevrådet skal vera valt av elevane ved skulen. Foreldrerådet skal vera valt av foreldra ved skulen. Elevar og foreldre skal vera representert i dei andre utvala, som og består av representantar frå skulen (lærarar og andre tilsette) og representant for skuleeigar (rektor og ein til).

Aktiviteten i dei ulike utvala ved skulen skal sørgja for at elevane og foreldra får vera med på å planleggja, gjennomføra og vurdera skulen si verksemd (jf. opplæringslova § 10-4). Dei skal ikkje delta i den formelle styringa av skulen, men gjennom medverknad få høve til å påverka utviklinga av skulen.

Kvar skule skal i tillegg arbeida aktivt for å skapa eit trygt miljø der alle elvane kan ytra seg og delta i skuledemokratiet på ulike måtar, og ikkje berre gjennom dei valde elevrepresentantane i brukarorgana.

§ 4. Orden

Elevane i ullensvangskulen skal ha god orden. Døme på god orden:

- A. møta presis på skulen og til undervisninga
- B. ha orden i skulesakene som bøker, chromebook og anna naudsynt materiale som ein brukar
- C. ha med nødvendige digitale læremidlar, skulebøker og utstyr
- D. gjera skulearbeid ein vert pålagd, så godt ein kan, og til rett tid

§ 5. Åtferd

Elevane i ullensvangskulen skal visa god åtferd. Døme på god åtferd:

- A. vera til stades og delta aktivt i undervisningstimane - ut frå eigne føresetnader
- B. bidra til å halda arbeidsro i timane





- C. visa omsyn og respekt for medelevar, tilsette og andre som dei møter i skulekvardagen
- D. retta seg etter beskjedar frå tilsette ved skulen
- E. ta vare på alt som tilhører skulen og følgja skulen sine reglar for bruk av hjelpemidlar og anna spesialutstyr
- F. visa nettvett og følgja reglane på skulen for bruk av mobiltelefonar og digitalt utstyr
- G. ikkje uroa sjåføren ved skuleskyss, sjåføren har ansvaret for elevane si tryggleik

Ullensvangskulen aksepterer ikkje at nokon:

- A. utset medelevar eller vaksne i skulemiljøet for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, psykisk eller fysisk vald, rasisme, trakassering eller utestenging på skulen, skulevegen, skulebussen eller gjennom digitale medium
- B. tar med eller nyttar gjenstandar som kan skapa uro eller skada personar, bygningar eller inventar på skuleområdet
- C. forlèt skuleområdet utan løyve
- D. har med og/eller brukar rusmiddel, tobakk, e-sigarettar eller snus

§ 6. Generelle retningslinjer når det gjeld tiltak ved brot på skulereglane

Skulen kan berre reagere på åtferd som er brot på ordensreglementet. Skulen kan berre nytta tiltak som er fastsett i ordensreglementet. Rektor har det overordna ansvaret i alle saker, og ved tvilstilfelle er det rektor som har siste avgjerd.

Før reaksjon på åtferd skal pedagogisk personale vera i dialog med den det gjeld og eventuelt føresette. Elevane skal verta høyrde i alle saker som gjeld dei, for å finna ut kva som ligg bak åtferda. Alle tiltak og reaksjonar skal vera slik at eleven forstår kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere som han gjer. Elevane skal verta høyrde i alle saker som gjeld dei. Reaksjonane må stå i rimeleg forhold til brotet på reglane og tiltak bør koma så nær regelbrotet i tid som råd er. Eleven skal, om det er mogleg, få sjanse til å gjera opp for seg. Fysisk arbeid, som å vaska og rydda etter seg eller reparera noko som er øydelagt, er tillate. Kollektiv avstraffing skal ikkje nyttast for handlingar som er utøvd av einskildelevar eller medlemmer av ei gruppe.





§ 7. Reaksjonar ved brot på reglane

Ullensvangskulen vil normalt nytta følgjande reaksjonar ved regelbrot, i uprioritert rekkjefølgje:

- A. samtale mellom kontaktlærer og elev
- B. kontakt med føresette
- C. skriftleg melding til føresette
- D. pålegg om oppgåver for å retta opp skade ein har påført skulen sin eigedom eller eigedelar (til dømes rydda søppel, vaska golv, fjerna tagging og liknande)
- E. nærvær på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar eller for å utføra pålagde oppgåver
- F. lærar kan visa bort ein elev frå eiga undervisning i ei økt (opplæringslova § 13-1)
- G. leggja beslag på farlege gjenstandar som kan nyttast til å utøva skade på andre

Reaksjonar (sjå og § 12 i denne forskrifta) som skal gjerast som enkeltvedtak etter forvaltningslova:

- A. bortvising (opplæringslova § 13-1). Skulen skal berre bruka bortvising frå skulen som reaksjonsform ved alvorlege eller fleire brot på ordensreglementet
- B. bortvising frå eksamen
- C. setja ned karakter i orden og/eller åtferd etter fleire regelbrot, dersom føresette på førehand er varsla (jf. opplæringsforskrifta § 9-7)
- D. byta klasse mellombels eller permanent (opplæringslova § 12-4)
- E. i heilt særskilde tilfelle kan skuleeigar vedta eit mellombels eller permanent skulebyte (opplæringslova § 13-2)

§ 8. Rettane til elevane

Som elev i ullensvangskulen har du rett til:

- A. å kjenna deg trygg på skulen og skulevegen (jf. opplæringslova § 12-2)
- B. å verta møtt med respekt og omtanke frå elevar og tilsette ved skulen (jf. opplæringslova §§ 12-2)
- C. å få vurdering undervegs i orden og åtferd (jf. forskrift til opplæringslova § 9-12)
- D. at skulen informerer heimen din om alle dei tiltaka skulen set i verk for å betra situasjonen din på skulen, fagleg og sosialt
- E. arbeidsro i klasserommet
- F. at eigedelane dine får vera i fred
- G. å verta høyrd i alle saker som gjeld deg





§ 9. Pliktene til elevane

Som elev i ullensvangskulen har du plikt til:

- A. å medverka til eit trygt og godt læringsmiljø for alle (jf. opplæringslova § 12-2)
- B. å melda frå til ein vaksen om du ser medelevar som ikkje har eit godt klasse-/skulemiljø
- C. å melda frå til ein vaksen om tilhøve som kan verka negativt inn på skulemiljøet
- D. å vera høfleg og inkluderande og visa respekt, forståing og medansvar for alle på skulen
- E. å retta deg etter dei lover, reglar og instruksar som til ei kvar tid gjeld for skulen og for samfunnet
- F. å halda orden i klasserom, gangar og på uteområde (skuleplassen)
- G. å erstatta skade som er påført forsetteleg eller aktaust etter reglane i skadeerstatningslova § 1-1

Føresette kan, i samsvar med skadeerstatningslova § 1-2, verta ansvarlege for skadar inntil kr. 5000,-.

§ 10. Sakshandsaming

Handsaming av brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova. Dersom avgjerda om reaksjon vert rekna som eit enkeltvedtak, skal ein følgja sakshandsamingsreglane i forvaltningslova kap. III-VI:

- A. foreldre/føresette til eleven skal varslast for vedtak vert gjort, og dei skal få høve til å uttala seg innan ein gitt frist. Som regel skal ein varsla skriftleg
- B. skulen skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg (forvaltningslova § 17, 1. ledd) før det vert fatta vedtak. Til dømes skal andre elevar og tilsette som var vitne til ordensbrotet og aktuelle lærarar høyrast i saka
- C. eleven skal ha høve til å forklara seg munnleg for den som skal ta avgjerda.
- D. enkeltvedtak skal vera skriftleg og grunngjeve

§ 11. Krav til skriftleg notat

Dersom ein av reaksjonane vert sett i verk mot ein elev, må skulen dokumentera dette med eit skriftleg notat. Notatet skal kunna klagast på og må såleis ha opplysningar om korleis ein kan klaga.

Det må koma fram:

1. kva elev tiltaket er retta mot
2. kva tiltak som vert sett i verk
3. kva for skuleregel som er broten
4. tidspunktet for brot på skuleregel
5. tidspunktet for gjennomføring av tiltaket





6. korleis eleven har forklart seg
7. kva foreldra til eleven og/eller andre har uttalt

Den som har vedteke tiltaket skal underteikna notatet, og notatet vert arkivert i elevmappa. Eleven og/eller føresette skal få ein kopi og vera gjort kjende med retten til dokumentinnsyn.

Om eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø (jf. opplæringslova § 12-2) vert utfordra, har skulen aktivitetsplikt overfor denne eleven (jf. opplæringslova § 12-4).

§ 12. Reaksjonar som berre kan verta utført av rektor

Rektor har det overordna ansvaret i alle saker, og ved tvilstilfelle er det rektor som har siste avgjerd.

- A. Det er berre rektor som kan avgjera om eit ordensbrot skal meldast til politiet, eller om det skal krevjast økonomisk erstatning frå elev og/eller foreldre.
- B. Sakshandsaming ved reaksjonar som skal gjerast som **enkeltvedtak** og skal handsamast etter forvaltningslova kapittel IV, V og VI. Desse tilfella høyrer til i denne kategorien:
 - a. bortvising frå eksamen, skulen, ekskursjonar og andre arrangement i regi av skulen (jf. opplæringslova § 13-1)
 - b. nedsett karakter i orden og/eller åtferd (jf. forskrift til opplæringslova § 9-5)
 - c. byta klasse mellombels eller permanent (jf. opplæringslova § 12-4)
 - d. i heilt særskilde tilfelle kan skuleeigar vedta eit mellombels eller permanent skulebyte (jf. opplæringslova § 13-2)
- C. Enkeltvedtak skal vera skriftleg grunngjeve. Vedtaket skal kunna klagast på og må innehalda opplysningar om korleis ein kan klaga, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klaging (jf. forvaltningslova kapittel V og VI)

§ 13. Nedsett karakter i orden og/eller åtferd, for elevar i ungdomsskulen

For at ein skal kunna gi ein ungdomsskuleelev annan karakter enn den beste i orden og åtferd, må skulen ha gjeve førehandsvarsel om dette i så god tid at eleven har høve til å forbetra karakteren sin (jf. forskrift til opplæringslova § 9-7):

1. Elevar og foreldra til elevar under 18 år skal varslast skriftleg dersom eleven står i fare for å få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) ved halvårsvurdering med karakter eller standpunkt-karakter i orden eller i åtferd.
2. Varselet skal gjevast straks det er klart at det er fare for nedsett karakter eller bortfall av karakter, og skal gi eleven høve til å forbetra karakteren.





Òg dei siste vekene og dagane av eit skulehalvår har verknad for den gjeldande karakteren. Det kan difor oppstå tilfelle der brot på ordensreglementet kjem på eit så seint tidspunkt og/eller er av så alvorleg karakter, at eit slikt førehandsvarsel ikkje gjev eleven ein reell sjanse til å forbetra karakteren.

§ 14. Reaksjonar som berre kan utførast av skuleeigar

Å flytta ein elev til ein annan skule er eit enkeltvedtak som krev handsaming i samsvar med forvaltningslova kapittel IV, V og VI og forskrift til opplæringslova § 13-2, der det heiter:

“Kommunen ... kan gjere vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skole dersom oppførselen til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar.

Ein elev skal ikkje flyttast dersom mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen. Ein elev skal ikkje flyttast dersom det fører til at eleven må flytte ut av heimen, eller gjer at dagleg skyss blir uforsvarleg. ...

Kommunen ... kan ikkje delegere myndigheita til å gjere vedtak om skolebyte til den enkelte skolen.”

§ 15. Delegering av mynde til skulane

I tillegg til forskrift om skulereglar ved skulane i Ullensvang kommune skal den einskilde skulen utarbeida eit eige reglement for trivsel, orden og åtferd, som har utgangspunkt i den felles forskrifta for skulereglar. Dette for å sikra at særskilde tilhøve ved den einskilde skulen skal koma med.

- A. Skulen kan berre reagere på åtferd som er brot på Forskrift om skulereglar for skulane i Ullensvang kommune.
- B. Skulen kan berre nytta tiltak som er fastsett i Forskrift om skulereglar for skulane i Ullensvang kommune.

Elevråd og foreldrearbeidsutval (FAU) skal vera med på å utarbeida reglementet for den einskilde skulen. Samarbeidsutvalet (SU) ved skulen skal vedta det.

Skulane må byggja på sentrale lover og retningslinjer ved utarbeiding av eige ordensreglement.





§ 16. Iverksetjing og opphøyr

Forskrifta trer i kraft når den er kunngjort i Lovtidend...?**[straks/annan dato]**.

Ordensreglement for skulane i Ullensvang kommune, vedteke i Ullensvang kommunestyre 07.09.2021, er oppheva.

